

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 13.03.2023
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørhaug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per februar 2023**

Arkivsak
2023/944
Styresak 013/2023

Styremøte 28.03.2023

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per februar 2023 til vitende.


Administrerende direktør si vurdering

Resultatet for februar er negativt med 9,6 millionar kroner, noko som gjev eit tilsvarande avvik mot budsjett då det er budsjettert med eit null-resultatet i 2023. Dette er ei negativ utvikling frå januar. Resultatet samla hittil i år er no negativt med 15,6 millionar kroner.

Største endringa frå januar til februar knyter seg lågare ISF-inntekter, der lågare aktivitet enn planlagt i februar har resultert i negativt inntektsavvik. Aktiviteten i februar i somatikken, utanom H-resept, var 9,8 prosent lågare enn budsjettert. Tilsvarande er aktiviteten hittil i år i somatikken 3,4 prosent lågare enn budsjett. Dette utgjer eit avvik på 154 DRG-poeng. Aktiviteten innan psykisk helsevern har i perioden vore lågare enn planlagt, men høgare enn fjoråret.

Det er også i februar eit stor meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader, noko som utgjer største avviket mot budsjett i perioden. Meirforbruket knytt til løn- og personalkostnader er om lag uendra frå januar til februar, og er på eit tilsvarande nivå som gjennom hausten 2022. Det er gjort innleiande analysar på lønsområdet for å kartlegge handlingsrommet, og det vert jobba med å finne målretta tiltak for å redusere kostnadene framover. Administrerende direktør vil i møte orientere om arbeidet med tiltaksoppfølging i 2023.

Regjeringa gjorde i februar kjent ei varig styrking til sjukehusa i samband med revidert nasjonalbudsjett 2023. Helse Førde sin del av denne styrkinga er med atterhald stipulert å vere 52,9 millionar. I tillegg er det gjort kjent at det i revidert nasjonalbudsjett vil kome ei ny pris- og lønsjustering av budsjettet for 2023. Dette er positive nyhende for Helse Førde og vil lette driftsituasjonen for 2023, men administrerende direktør ynskjer likevel å vere tydeleg på at det framleis vil vere behov for tiltak for å redusere kostnadene og meirforbruket i høve budsjett. Dette vil vere heilt nødvendig for at føretaket igjen skal ha ei drift innanfor dei økonomiske rammevilkåra og for å sikre handlingsrom for vidareutvikling av tenestene og investeringar.



I høve fag legg styringsdokumentet for 2023 føringar for 1) styrking av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, 2) styring av forskning, innovasjon og kompetanse og forbetring av kvalitet og pasienttryggleik, og 3) rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasienteforløp. Rapporteringa til styret kjem til å ta utgangspunkt i desse føringane.

Innan somatikk held ventetidene seg i februar stort sett uendra på same høge nivået som førre månad (80 mot 81 dagar). Dette er vesentleg høgare enn ventetidene for eitt år sidan (68 dagar). Det er dei kirurgiske faga som held ventetida oppe. Det er færre fristbrot innan alle fagområde. Noko som er positivt. Det var 219 nye fristbrot i perioden, og det er starta behandling på 264 pasientar med fristbrot i Helse Førde. I tillegg har 50 pasientar i fristbrot fått tilbod via HELFO. Alt i alt er det framleis høge, men stabile, ventetider, samtidig som vi er i ferd med å få kontroll på utfordringa med fristbrot.


Innan psykisk helsevern for vaksne og TSB er det i hovudsak same stabilt gode indikatorar knytt til tilgjengelegheit som tidlegare. For psykisk helsevern for barn og unge er ventetida noko høgare enn førre månad (53 mot 54 dagar) og høgare enn same tid i fjor (48 dagar).

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 78 dagar ved utgangen av februar (78 i januar). 68 i februar i fjor. Altså +10 frå i fjor.
- PHV: 24 dagar ved utgangen av februar (24 i januar). 32 i februar i fjor. Altså -8 frå i fjor.
- PBU: 30 dagar ved utgangen av februar (33 i januar). 31 i februar i fjor. Altså -1 frå i fjor.
- TSB (rus): 22 dagar ved utgangen av februar (16 i januar). 15 i februar i fjor. Altså +7 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i februar, var:

- Somatikk: 81 hittil i år (81 dagar i februar) – måltal er 50. 70 hittil i fjor. Altså +11 frå i fjor.
- PHV: 28 hittil i år (25 dagar i februar) – måltal er 40. 39 hittil i fjor. Altså -11 frå i fjor.
- PBU: 54 hittil i år (54 dagar i februar) – måltal er 35. 52 hittil i fjor. Altså +2 frå i fjor.
- TSB (rus): 21 hittil i år (20 dagar i februar) – måltal er 30. 29 hittil i fjor. Altså -8 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 264 fristbrot på behandla pasientar i februar svarande til 12,8 prosent av behandla i februar (15,7 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,1 prosent.
- Førebels registrert 219 nye fristbot i februar, svarande til 7,6 prosent av alle med frist i februar (10,7 prosent i januar).



Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)


- Førebels 82 prosent for første time (72 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 84 prosent.
- Førebels fekk 62 prosent oppfølgingstime innan 24 timar (61 prosent i januar). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 64 prosent.

Foreløpige tall

	2019	2022	2023 hittil	feb.23
HELSE BERGEN HF	80 %	76 %	81 %	83 %
HELSE FONNA HF	74 %	72 %	84 %	87 %
HELSE STAVANGER HF	84 %	81 %	83 %	85 %
HELSE FØRDE HF	75 %	60 %	77 %	82 %
KIRURGISK KLINIKK	71 %	56 %	68 %	73 %
MEDISINSK KLINIKK	76 %	63 %	86 %	93 %
PSYKISK HELSEVERN	88 %	82 %	80 %	82 %

Del ikkje møtt

Høgare enn normalt med 2,9 prosent (3,3 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,6 prosent.



Epikrisetider (januar-tal)

Innan ein dag (mål 70 prosent):


- Somatikk 73 prosent denne månaden og hittil i år 73 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 26 prosent denne månaden og hittil i år 26 prosent (39 prosent i heile 2022).
- TSB/rus 68 prosent denne månaden og hittil i år 68 prosent (48 prosent i heile 2022).

Innan sju dagar (mål 100 prosent):

- Somatikk 91 prosent denne månad og hittil i år 91 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 90 prosent denne månad og hittil i år 90 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/rus 92 prosent denne månad og hittil i år 92 prosent (90 prosent i heile 2022).


Korridorpasientar

Sju korridorpatientar, svarande til 0,1 prosent av innlagte (0,4 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.



Utskrivningsklare pasientar

Seks døgn i februar, svarande til 0,1 prosent av alle liggedøgn (0,1 prosent i snitt i 2023 mot 0,2 prosent i 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,6 prosent.



Stryking av planlagde operasjonar

Ikkje klart enno på grunn av innføring av Dips Arena.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 558	1 763	-205	1 677	-119	3 411	3 574	-163	3 409	1
DRG-poeng poliklinikk, A	441	454	-13	417	-24	936	920	16	885	52
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	288	258	31	261	28	793	689	105	751	42
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	52	56	-4	63	-11	107	114	-7	107	-1
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 339	2 530	-191	2 418	-79	5 246	5 296	-50	5 152	94
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	108	150	-43	103	5	228	300	-72	212	16
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 395	2 624	-230	2 457	-62	5 368	5 483	-115	5 257	111
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 137	1 272	-135	1 223	-86	2 460	2 594	-134	2 644	-184
Tal sjukehusopphald	1 304	1 507	-203	1 347	-43	2 774	3 051	-277	2 769	5
Tal polikliniske konsultasjonar	10 472	10 382	90	10 126	346	22 147	21 028	1 119	21 154	993

DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,638	0,634	0,004	0,652	-0,014	0,652	0,633	0,018	0,630	0,022
Poliklinikk	0,042	0,044	-0,002	0,041	0,001	0,042	0,044	-0,001	0,042	0,000


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var 7,6 prosent lågare enn budsjett (-191 poeng) i perioden, noko som er 3,3 prosent lågare enn tilsvarende periode i fjor (-79 poeng). Aktiviteten i perioden er 1,9 prosent lågare enn budsjett målt i totale tal behandlingar. Det er 1,7 prosent høgare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor. Det er registrert kodeforbetring med 43 poeng i perioden.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 0,9 prosent under budsjett (-115 poeng), men 1,8 prosent høgare enn akkumulerte tal i fjor (+111 poeng). Samla er aktiviteten 2,7 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, noko som er 3,1 prosent over tilsvarende periode i fjor.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	420	425	-5	386	34	853	857	-4	762	91
Tal heildøgnsopphald	1 280	1 549	-269	1 423	-143	2 831	3 217	-386	3 009	-178
Tal utskrivne pasientar	72	81	-9	79	-7	168	173	-5	169	-1
Polikliniske kons. m/refusjon	2 106	2 229	-123	2 099	7	4 345	4 498	-153	4 302	43
Rus										
DRG poeng	31	44	-13	31	0	79	96	-17	62	17
Tal heildøgnsopphald	671	591	80	435	236	1 388	1 189	199	882	506
Tal utskrivne pasientar	20	21	-1	9	11	49	45	4	26	23
Polikliniske kons. m/refusjon	157	228	-71	211	-54	360	496	-136	428	-68
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	490	544	-54	438	52	1 057	1 171	-114	918	139
Tal heildøgnsopphald UPH	110	128	-18	86	24	208	234	-26	228	-20
Tal utskrivne pasientar UPH	10	9	1	13	-3	18	20	-2	23	-5
Polikliniske kons. m/refusjon	1 449	1 811	-362	1 591	-142	3 094	3 896	-802	3 350	-256

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i perioden med aktivitet litt lågare enn plan. I høve fjoråret har vi auke i aktivitet.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har vi høg aktivitet i perioden. Også her har vi høgare aktivitet enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har totalt sett vore god både for poliklinikkar og ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH), men vi har vanskar med å oppnå planlagd aktivitet ved ein av poliklinikkane. Det er framleis stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ ISF inntekter	51 541	54 948	-3 407	113 094	115 090	-1 996	637 851
☒ Gjestepasient inntekter	2 214	2 533	-318	5 070	5 086	-15	33 067
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	13 580	13 953	-374	27 461	28 464	-1 003	174 325
☒ Pasientrelatert inntekt	67 335	71 434	-4 099	145 625	148 639	-3 014	845 243
☒ Basistilskudd	207 256	207 167	88	412 351	412 059	292	2 519 804
☒ Andre inntekter	5 338	5 889	-551	10 263	11 778	-1 515	71 685
☒ Sum Driftsinntekter	279 929	284 490	-4 561	568 239	572 476	-4 237	3 436 732
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-40 190	-41 360	1 170	-80 215	-82 447	2 232	-502 449
☒ Lønn- og personalkostnader	-198 855	-188 840	-10 015	-404 310	-383 336	-20 974	-2 295 063
☒ Øvrige kostnader	-42 371	-44 295	1 923	-83 080	-86 703	3 624	-519 230
☒ Av- og Nedskrivning	-7 959	-8 413	454	-15 714	-16 827	1 112	-101 000
☒ Sum Driftskostnad	-289 375	-282 908	-6 467	-583 319	-569 313	-14 007	-3 417 742
☒ Driftsresultat	-9 446	1 582	-11 028	-15 080	3 164	-18 243	18 990
☒ Sum Finans	-176	-1 582	1 406	-514	-3 164	2 649	-18 990
☒ Totalresultat	-9 622	0	-9 622	-15 594	0	-15 594	0

Perioden

Resultatet i februar er -9,6 millionar kroner, noko som gjev eit tilsvarande avvik mot budsjett då Helse Førde har budsjettert med null (0) kroner i resultat i 2023.

Aktiviteten i somatikken er i februar vesentleg lågare enn budsjettert, noko som gjev eit negativt inntektsavvik på 3,4 millionar kroner. Vidare er andre inntekter også under budsjett. Samla negativt inntektsavvik på 4,1 millionar kroner.

Det er mindreforbruk på varekostnader denne månaden. Mindreforbruket knyter seg til H-resept, pasienttransport og gjestepasientkostnader. Det er meirforbruk knytt til medisinsk heimebehandling og vareforbruk elles i føretaket. Det er vidare også mindreforbruk knytt til øvrige kostnader, men dette er hovudsakleg grunna avsetningar for øvrige kostnader. Sett bort frå dette er det eit overforbruk i perioden på 0,6 millionar kroner.

Lønn- og personalkostnader er 10,0 millionar høgare enn budsjett. Dette er omlag uendra avvik samanlikna med januar. Det er størst negativt avvik knytt til vikarbruk, overtid, innleige, UTA og andre faste tillegg. Det er også i februar overforbruk knytt til reisekostnader.

Akkumulert


Resultat hittil i år er -15,6 millionar kroner, noko som gjev eit avvik i høve resultatkravet på tilsvarande beløp.

Driftsinntektene er samla 4,2 millionar kroner lågare enn budsjettert, med eit negativt avvik knytt til ISF-inntekter på 2,0 millionar kroner og poliklinikk/andre pasientinntekter på 1,0 million kroner. Samla lønnsutgifter er 21,0 millionar kroner høgare per februar enn budsjettert. Dette er ei urovekkande utvikling. Det er eit mindreforbruk knytt til varekostnader og øvrige kostnader per februar. Samla er driftsutgiftene 14,0 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er positivt budsjettavvik knytt til både renteutgifter og avskrivningar per februar.

Likviditet


Ved utgangen av februar 2023 hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med 34,8 millionar kroner, då 97,7 millionar kroner av Helse Førde sin tilgjengelege likviditeten er låst på skattetrekkskonto per 28. februar. Skattetrekkskontoen varierer mellom 50 til 100 millionar kroner per måned og vert i grafen medrekna som tilgjengeleg likviditet, men kan ikkje disponerast til andre formål.

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 473,5 millionar kroner som skal dekke pensjonsforpliktingar. Det er lagt til grunn opptrekk på byggelån knytt til Nye Førde sjukehus på samla 213 millionar kroner gjennom 2023, medan det er budsjettert med samla utbetalingar til investeringar på 631,2 millionar kroner. Dette vil medføre eit press på likviditeten gjennom året, særskilt dersom utviklinga knytt til overforbruk på lønn- og personalkostnader held fram.



MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i januar var 7,5 prosent, ein svak nedgang frå føregåande måned og samanlikna med same periode 2022.

